


Leidarsteidn




Bømlo Tur- og Sogelag
Julehefte 2002

Pris kr. 60.-

Innhald

	Side
Kjære medlem og lesar	3
Bømlo Tur og Sogelag 30 år	4
Frå båtboka	6
Frå det gamle album	7
Gamle stilar fortel	9
Georg Lønning	12
Gunnhild og Lars Vika	17
Karoline Vorland	30
Tønnes, nå gjelder det liv eller død!	38
Vårt første møte med Bømlo.....	41
Trine og Johan Olsen	42
Då Langevåg på Bømlo fekk elektrisk ljøs	45
Julenissen	47



Kjære medlem og lesar.

No er enno eitt år gått, og det er tid for ein ny Leidarstein.

2002 har vore eit godt og aktivt år for Bømlø Tur- og Sogelag. På dugnadsfronten har det vore stor aktivitet. Bergeshuset har fått ei vøla både utvendig og innvendig, og til våren er det planen å skifta tak. Hilleborgstova har og fått ei vøla og Fridtun har fått malt 2 sider. Kledning til Kvernhuset på Bergeseidet skal og skiftast til våren. Det største løftet vårt i år er likevel Vorlandssaga. Til det arbeidet leigde me inn snikkar frå kulturlandskapsenteret, og har fått heile huset restaurert. Slagbenk og slåk kjem neste år. (Det er no planen vår). Tusen takk til dugnadsgjengen!! Båtbokprosjektet vårt går og godt no og nærmar seg slutten. Planen er at boka skal vera i sal september/oktober 2003. Tusen takk til dei dyktige folka i båtbokprosjektet!! (Sjå omtale bak i bladet).

Elles har BTS hatt sine tradisjonelle arrangement med tur på stien til Hjartnesvågen, skjærtorsdag til Bergeseidet og krabbefest på Espevær med Jimmy Øvredal som kosør. Den gjekk i pluss både sosialt og økonomisk! I år var BTS og arrangør av kystsøgevekene her på Langevåg. Me hadde eit svært vellykka arrangement og mykje folk møtte fram. Neste år håpar me på enno fleire og inviterer særskilt utflytta bømmlingar.

BTS har og teke steget inn i den moderne tidsalder med eiga heimeside på internett, <http://www.bomloturogsogelag.no>. Her vil me presentera oss med tekst og bilete. Dette kan kanskje vera spesielt kjekt for utflytta bømmlingar.

Som de vil sjå når de les denne utgåva av Leidarsteidn, har me fått med oss nokre nye, unge forfatterar og det set me stor pris på. Me takkar for dei og ynskjer oss fleire. I år har me hatt nokre intervju som ikkje har vorte ferdige, men dei kjem med neste år. Espevær kjem og att neste år med mange intervju.

Dette var ein liten oversikt over aktivitetane i BTS dette året. Me håpar at de vil kose dykk med bladet i jula, og kanskje enno fleire vil få augo opp for det viktige arbeidet som vert gjort med å ta vare på historia og kulturarven vår. Dersom det skulle bli for mange stunder i sofakroken med Leidarsteidn, så har me stiane våre som Hillestveit skule tek vare på. I år kan det kanskje vera eit godt val å ta ein tur til Vorlandssaga, den er vorten så fin!! På vegne av BTS ynskjer eg gamle og nye medlemmer, og elles alle som les heftet vårt, ei retteleg GOD JUL og eit GODT NYTTÅR!

Eit afrikansk ordtak seier: «Når ein mann døyr, er det som ein brenn ei bok»

For Bømlø Tur-og Sogelag

Norvald Nytveit

Bømlo Tur og Sogelag 30 år

Av Kari Shetelig Hovland

Etter krigen strøymde den nye tida over oss som ei skrie. Heile levemåten endra seg. Fram gjennom 1960 - åra vart gardsbruka på Søre Bømlo nedlagde. Ein kunne korkje leva eller døy av å bala med 2-3 kyr og ein neve såkorn.

No gjaldt det nybygging, industri og transport, pengar å tena, pengar å bruka. Kven gjekk lengre med mjelkeholkjen på stølen, eller med torvspaden i myrene, eller til kverna for å mala sin eigen havre? Nei, gamle arbeidshus kom ut av bruk, blei ståande til nedfalls. Vegar i utmarkene grodde til.

Langs Kvernabekken i Vorlandskogen sto eingong 4 kvernhus. Det siste som sto att i 1960- åra heldt på å ramla saman. Då meinte mange at dette er for gale. Her har folket slete i lange tider, so jorda kunne gi oss maten. Alt arbeid som er nedlagt har jo skapt dette landet, som vi har hevd på og må ta vare på. Lat oss setja dette kvernhuset istand! Desse tankane spreidde seg, fleire ville vera med, tiltakslysten vaks. Snart gjekk ein dugnadsgjeng og bar plank til ny bordkledning opp dei bratte bakkane til kverna. Dei gamle tømmerveggene med innskorne seglskuter, namn og årstal blei berga.

Og dugnadsgjengen fekk blod på tann.

I same farten tok dei for seg kvernhuset på Bergeseidet, vølte tak og bordkledning, sette kvernsteinane på plass. Tømmerveggene med sine eldgamle innskrifter fekk no stå turrt og godt. Kor fint det var å kjenna seg att her inni skogen, ta seg fram gjennom lyng og brake, langs ein brusande foss. Her vil vi gå på tur! Laget vårt skal vera Bømlo Tur og Sogelag!

Ei lita grå fatigstova, Hilleborgstovo, har høyrte til i Kåso i over 100 år. No ville Vassverket riva stova, og leggja røyr beint der ho sto. Nei, med mykje strev og arbeid fekk Tur og Sogelaget berga stova. No står ho på sin plass som før, under det store treet, fint oppussa, og fortel om dei som budde her: Hilleborg som akta på makrellen i vågen, rallaren Johan Olsen og Trine, han som skar ut so løgne små fuglar. Her fekk Tur og Sogelaget sitt fyrste lagshus, til å halda styremøte i kvar månad.

Laget vaks, fleire melde seg inn. Medlemene ga tid og krefter for å vera med på dugnad, og i samsletet blei dei gode kameratar. Snart tok dei fatt på nye, store oppgåver. Den gamle vassaga i Vorlandsvågen, under bekkjen frå Vevikevatnet (der det var murt demning og slåk) sto no med gapande hol i taket og sørveggen. Tur og Sogelaget rydda opp kring saga, arbeidde nytt tak, og ny bordkledning



Saga ved Vorlandsvågen

på sørveggen, og la planer om å reparera slåket, vasshjulet og sagbenkjen.

Stadig kom det spurnad om hjelp som det hasta med. Ei notabu ved Holmesjøen, frå 1850, hadde store hol i tak og vegger. Her sette laget opp ny kledning, og la taket opp på nytt av store skiferheller. I same farten blei tak og vegger vølt i ei gamal stove på Holme.

Og so fekk laget kjøpa, for 100 kr, eit stort våningshus på Berge. Her var noko av taket sturta ned i grua, vegger, golv og tak måtte vølast. Her arbeidde medlemene i 3 år, på dugnad. Nokre dagar var dei 30 ilag, tok ned alle takpannene, la opp nye bjørnar, sutak, takpapp, lekter, og pannene på plass att. Her måtte fagfolk til å mura opp skorsteinspipa, og til å byggja opp nord-austre veggen.

Endeleg var huset ferdigt, vårt eige hus. Stort kjøken med grue, stove og kammers både i sør og nord, loft med to salar og kvist. Her kunne vi vera ilag, på møte og fest, og ha ope hus for bygdafolket.

Det neste hus som sto i fare var «Gamle-Posten», eit steinkast ovanfor Hilleborgstovo. Tur og Sogelaget fekk kjøpa huset frå kommunen. Huset «Fridtun» blei bygt i 1844 som samlingshus for Haugianarane. Frå 1860 var det lenge brukt til skule. Seinare var det nytta til telefonstasjon, post, likningskontor. - Ein dugnads-gjeng på 4 mann (unge pensjonistar) gjekk igang med å vøla huset, ute og inne. Her blei eit stort rom, med benker og vegger innreidd til bygdemuseum.

Elles ville medlemene og vera ilag i fristundene, møttest ein laurdag eller sundag og gå tur, familietur, gjerne på ukjende, spanande stader. Etterkvart blei gamle stølsstiar og arbeidsvegar rydda og merkte med raudmaling på steinar eller tre. Gleda ved samveret fekk dei kvart år oppleve på pinseturen, som gjekk til stadig fleire bygder omkring på Vestlandet.

Bømlo Tur og Sogelag blei tidleg registrert på lovleg vis. 6 styremedlemer med varafolk blei valde for 2 år, på årsmøtet. Pengar kom inn ved medlemskontingent, ved basarar, ved fiskefestivalen kvar olsok, ved inngangspengar til opne møte vår og haust, kulturkveidar med foredrag, song og

dans. Etterkvart fekk laget årleg bidrag frå kommunen.

Då Bømlo Tur og Sogelag i 1992 hadde feira 20-års jubileum, kom laget litt etter litt inn i ei ny tid. Mykje av grunnarbeidet med dei store dugnadsgjengane var gjort.

Pionerane blei eldre og veikare.

Fiskefestivalen hadde tapt sin glans, og andre lag tok over. Det blei slutt på pinseturane, 14 dagar ferie i Syden fall rimelegare. Men yngre medlemer kom til, med sans for tradisjonar, og med trang til å kjenna seg heime i naturen.

Etterkvart tok yngre krefter på seg ansvar for å byggja vidare og halda vedlike det dei gamle hadde utretta. Enda nokre stiar gjennom utmarkene blei rydda og merkte. På sløyden laga skuleelevane fine skilt, der dei brente inn vegvisarar med namn og pilar. Og no adopterte skulen 10 stiar som blei delt ut, ein sti til kvar av dei 10 skuleklassane, som dei skulle rydda, merka, og setja skilt med vegvisar på. Dette blei sers vellukka. Kvart år var nye elevar, med foreldre og lærarar, ute og sette vegane istand. Samstundes skreiv elevane oppgaver om historie, dyr og planter som knytte seg til vegen. Dette blei dei gla i og kry over.

Grupper på 2-3 medlemer fekk tildelt kvar sitt sogelagshus, med ansvar for å vøla, setja istand og pussa opp der det trongst. Alle liker å ta vare på sitt spesielle hus. Mykje godt og grundigt arbeid blir gjort, skifting av kledning og glas, vøling av tak, maling og vask. Kvart hus står reint og smiler, til ære for dei som balar med det.

Mange folk har vant seg til å gå lange turar på dei merkte stiane, og gjera seg kjende med fleire stader i den spanande øya vår. Tur og Sogelaget tar og gjerne båt- eller busstur på ein fridag.

Tur og Sogelaget har halde kontakt med bygdafolket, på den årvisse basaren i

Grendahuset, på vårfesten og haustfesten (med krabbe) i Grendahuset, med spel og dans, kåseri og moro. Kvar skjærtorsdag er det familietur til Bergeseidet, med kaffe og pølser i Bergehuset. Ofte er det opne kvel-dar i Bergehuset, og huset blir stadig utleigt til skular eller fleire lag for omvisning og hygge.

På kulturminnedagen blei gamle arbeids-måtar tatt i bruk på Berge: vedsaging, garnbøting, ljåsliping, karding, spinning, steiking over open ild i grua. I kystsogeveka var laget aktivt med, ga omvi-sing i husene, guiding på stiane, eventyrle-sing for born i Hilleborgstovo. Fleire av laget sine oppmerkte stiar vil no bli knytta til Nordsjøløypa (med dubbel merking), som spanande avstikkarar.

Som bidrag til kulturlandskapsprosjektet vil Tur og Sogelaget setja vass-saga ved Vorlandsvågen istand til bruk. Laget har hyrt bygningssnikkar Alf Magne Veivåg, spesialist på restaurering av gamle hus, til å vøla saghuset, med vasshjul og slåk. Arne Dencker skal ta seg av sagbenkjen, der tøm-merstokkane skal liggja under kniven når maskinen kjem igang.

Ved 30 års jubileet er Bømlo Tur og Sogelag framleis i pakt med si tid. Det loka-le vernearbeidet styrkjer mangfaldet i vår nasjonale kulturarv. Her heime set samsletet og samveret farge på livet, til glede både for gamle og unge folk.

Frå båtboka

Arbeidet med båtboka for søre delen av Bømlo / Espevær held fram for fullt. Fleire hundre båtar er no registrerte og laga omtale om. Det er inngått avtale med Vikse a/s om trykking av boka, og utgivelse vil finna stad ein gong i september / oktober 2003.

Men ein god del arbeid står framleis att, og mange detaljer omkring båtane er enno ikkje på plass. Ikkje minst vil det vera ein god del arbeid med å skaffa til veie bilete og å plukka ut dei beste bileta.

Arbeidsgruppa er framleis svært interes-sert i å koma i kontakt med personar som har stoff om ein eller fleire av båtane, t.d. bilete, historiar, div. dokument o.l. Det er viktig at vesentlege sider ved båtane ikkje vert utegløynde.

Nedanfor følgjer ein presentasjon av «Bellatrix», omtrent slik det vil ta seg ut i boka.

Motorkryssar «Bellatrix» LKRG


Bygd i Løfallstrand 1942

Tonnasje 83 br. t. 37 n. t.

Dimensjonar 88,0 x 21,0 x 10,0 fot

Motor 90 HK Wichmann i 1942, 375 HK Wichmann i 1967

«Bellatrix» vart bygd for Peder Olsen, Munkejord, Karmøy og hadde kjenneteikn R - 75 - A.



«Bellatrix» fekk ei hornmine i trålen.

I 1950 vart «Bellatrix» kjøpt av Kristoffer Å. Lønning med søner, Bømlo. «Bellatrix» vart brukt til snurping om vintere og islandsfiske om sommaren. Den var på makrellharping og hadde mange turar til Shetland med liner etter pigghå. Dei siste åra var det industritråling i Nordsjøen. Etter at trålefisket utvikla seg i raskt tempo, vart «Bellatrix» lite føremålstenleg å driva vidare med. «Bellatrix» hadde kjeneteiknet H-58 - BO (B) heile tida den var heimehøyrande i Bømlo. I 1958 var eigar Erling Lønning m. fl.

I 1975 kjøpte Gunnar Strand P/R, Bømlo «Bellatrix». I 1978 vart «Bellatrix» kondemnerert og styrehuset vart sett over på «John Erik». Frå 1978 til 1981 låg skroget framleis i Kalavågsvågen. 30. september i 1981 vart «Bellatrix» slept av Strands nye båt «John Erik» til Nedstrandfjorden og søkkt. «Bellatrix» tok med seg i djupet ein del skrap, m.a. ein Opel Rekord personbil, ein Krupp hestslåmaskin.

Ei uvanleg hending. Året kan vera rundt 1976/77. «Bellatrix» var ute på revet i Nordsjøen på industritråling, då den fekk ein ufyseleg og sjeldan fangst. Einar Kallevåg som køyrde vinsjen gav uttrykk for at dette løftet var uvanleg tungt, men ikkje verre enn at løftet på trålposen kom i tømmeponisjon i fiskebingen. Gunnar Strand som var reiar/skipper, opna posen og noko tungt datt ned i fiskebingen. Det var mistanke om at det var ein stor stein, men då litt fisk hadde prella av, viste det seg å vera ei gedigen hornmine. Kapselen rundt mina var begynt å bli litt sundrusta, så horna på mina låg og segla fram og tilbake i fiskebingen, hangande etter nokre leidningar.

Mina vart stempla av med ein gong, samstundes som skipper Gunnar Strand tok kontakt med Håkonsvern. Dei skulle straks senda ein marinebåt med mineekspertar

ombord til møtes med «Bellatrix», som alt hadde sett kursen for Slotterøy fyr.

«Bellatrix» møtte ikkje marinebåten før den var komen inn for Slotterøy. Her vart mina senka på 10 meters djupne ved eit lite skjær for seinare sprengning. Desse mineekspertane kunne fortelja at dette var ei engelsk hommine som skreiv seg frå siste krigen, og teoretisk skulle gått av med den røffe behandlinga den hadde fått. Ein fiskar gløymer ikkje slike uvanlege fangstar og må innsjå at livet på ein industritrålar kan vera livsfarleg.

Frå det gamle album

Av Stine B. Olson

Alle bilete utlånt av Ingeborg Olson

Her har eg samla eit knippe bilete som viser litt av dagleglivet på Langevåg i åra kring 1950 -1960. Eg har forsøkt å samla mest mogleg opplysningar om kven som er med på bileta, men har diverre ikkje lukkast med alle. Kanskje dei som ser bileta kjenner att seg sjølve eller andre, uansett tykkjer nok mange at det kan vera kjekt å sjå att det som ein gong var.



Butikken og kaien i Kåså kring 1960.



Lokale handelsmenn på tur til Leirvik med «Tysnes» sommaren 1955. Frå venstre: Hans Tveit, Anton Bie og Tønnes Olson.



Langevåg er full av båtar, og ein kan nesten gå tørrskodd over vågen. Indremisjonsamskipnaden hadde årsmøte på Langevåg kring 1960.



På aketur med bestemor. På kjelken til venstre bakfrå: Nils Peder Holme, Berit Holme og Nils Ingvald Olson. På kjelken til høgre bakfrå: Berta Margrethe Olson og Aud Benny Stusvik.



Ungane i Kåså/Solliå 1961. frå venstre: Nils Ingvald Olson, Kari Hauge, Halsnøy, Svein Eide, Doris Vespestad, Karl Anton Vika, Berit Holme, Madel Hauge, Halsnøy, Knut Vika og Marit Eidesvik.



Eit knippe unge gutar på kaien i Kåså. Bak frå venstre: Berge Olson og Kåre Nodland, Haugesund. I midten frå venstre: Arthur Hovland, Bernt Arne Eidesvik og Reimer Barane, Valevåg. Framme frå venstre: Leif Eidesvik, Martin Eidesvik og Erling Eide.



Her leikar dei samme ungane postopneri.



Fisking frå brygga. Frå venstre: Magne Olson, Nils Ingvald Olson, Bernt Emil Vika og Nils Peder Holme.



Mannskapet samla til kaffipause. Frå venstre; Mathias Hovland, Johan Pedersen, Bjarne Hovland, ukjend, og Tønnes Olson.



Brislingfiske.



Har han her kan hende sovna på vakt?

Gamle stilar fortel

Trygve Lønning, oppvaksen på Lønning, no busett på Andal, gjekk på Hillestveit skule rundt 1950. Hjø han har redaksjonen i «Leidarsteidn» fått låna nokre innføringsbøker med stilar han skreiv på denne tida. Mange vil nok kjenna seg att i desse stilane. Skildringa av miljøet og levemåten her på Søre Bømlo stig mot oss.

Andre vil minnst slitet med å få noko ned på papiret. Kva skulle ein skriva om? Kor langt måtte ein skriva? Kva karakter

ville ein få? Ofte var det godt å ha ei mor eller ein far i bakhand når det skulle stilast. Dei hadde som regel mykje som kunne gi innhald til ei god forteljing. Men Trygve har kome godt ifrå det med stilane sine, og mange av dei har han fått god karakter på.

Det er viktig at ein tek vare på slike bøker for ettertida. Stilane inneheld mykje lokallhistorie og bør vera interessante for komande generasjonar.

Her følgjer nokre av stilane:

Fortel om eit dyr du er glad i

Hesten vår er det dyret eg er mest glad i. Eg er jamt med i fjøset og gjev han hø. Drikkekar har han i båsen sin. Hesten vår heiter Blia. Han er så forstandig at eg trur han forstår mest alt som eg snakkar med han om. Det er mitt arbeid å få han i hus om kveldane, og då får eg meg jamt ein ridetur og. Det er det gildaste eg veit.

Når det byrjar å vårast, då lyt me ha hestane i Ådnå. Då går Karsten og eg ut med kvar sine hestar. Me set oss oppå hestane og rid der ut. Når me kjem ut i Ådnå, er der fleire hestar. Me set oss ned og ser på dei. Det er så moro å sjå på. Når me endeleg tek på heimveg, følgjer hestane etter oss, men dei får ikkje koma igjennom grinda. Dei står der og ser etter oss, og dei lengtar visst heim att. Eg har mest lyst til å ta han med meg heimatt, den gode snille Blia vår.

Karakter: Mg

Kommentar: Det var gildt å lesa stilen du har skrive om hesten dykkar.

Ein vinterdag

Det var vinter og me borna hadde venta hardt på snø.

Ein morgon eg vakna, kjende eg straks at det var kaldt, og ute låg det kvit rein snø over alle berg og bakkar. Eg var ikkje sein med å koma or senga. Det var snart gjort å få maten i seg den dagen. Så fann eg skjurf og vottar og kledde meg godt, og ut bar det. Kjelken laut fram, og snart rende eg i susande fart ned bakken. Om ei lita stund var det fullt av born som rende og ropa: «Av vei!» Sume datt, og reis opp att, kvite som snømenn. Det var leik og gleda, skråll og lått. Ingen ansa korkje kulde eller svolt på lenge.

Endeleg laut sume av dei minste ta på heimveg. Og om ei stund fylgde dei andre etter. Då tok det til å mørkna. Stjernene blenkte og månen kom opp. Borna prata og

skulle ha greit kven sin kjelke som gjekk best.

Heime i stova var lampen kveikt, og der var varmt og godt. Mor fann mat, og den smakte godt. Så las eg på leksene mine ei stund, og så la eg meg og sovna godt.

Kua

Kua er det mest nyttige husdyret me har. Kroppen er stor og klumpet. Hovudet er stort med brei skalle. Sume kyr har to innholle horn. Snuten er brei og snau og våt. Augo og øyro er store. Halen er lang med busk i enden. Føtene er måteleg høge, og kua har to store og to små tær med klauver på kvar fot. Kyrne kan vera raude, grå, svarte eller flekkete på let.

Kua et gras og annan plante-kost. Ho har ikkje framtenner i overkjaken, men ei brusplate i staden. Hyrnetenner finst ikkje. Jekslane er breie og flate, og emaljestripene går på langs. Difor går kjakane til sides når ho tygg. Kua er eit jortardyr. Ho svelgjer maten utan å tyggja, men når ho kviler, kjem maten oppatt i munnen og vert fintoggen.

Karakter: Sg

Kornet

Kornet veks på åkeren. Halmstråa er høge og hole innvendig. I toppen ber dei aks og der sit kornet. Me sår kornet om våren. Hjø oss er havre og bygg dei mest vanlege kornslaga. Frametter sumaren stend åkeren grøn, men når det haustar, vert kornet gult og moge. Det er vent å sjå når tunge mogne aks svagar i vinden. Så skjer me kornet, turkar det og får det i hus. Sidan treskjer me kornet og drøftar det så agner og rusk vert skilt or kornet. Så sender me kornet til mølla og får att mjøl og gryn. Av det kokar me suppa og graut og bakar kaker og flatbrød. Det er god mat.

Kommentar: Svært bra

Dei fyrste pengane eg tente

Det var hausten 1948 at kameraten min og eg skulle fiska hummar. Far hadde sett istand 14 teiner.

Då det leid utpå hausten, sette me teinene i vatn. Den første oktober er den første dagen me får ha teiner ute. Då var me tidleg oppe og rodde ut og sette dei. Første dagen fekk me 4 humrar. Det var så spanande kvar dag me skulle ut å sjå. Ein dag fekk me 7 humrar og det syntest me var mykje. men ein dag bles det så fælt at me kom oss ikkje ut. Neste dag var det betre, og då fekk me nokre også. Me batt klørne på dei og og la dei i humra-kista.

Men så minka det for kvar dag, og til sist fekk me ikkje meir. Me tok teinene på land og la dei fint på plass i naustet, så me kunne finna dei til neste år. Ei stund etter fekk me pengane og delte dei. Det blei 48 kr og 72 øre på kvar, og det tykte me var ikkje så gale.

Karakter: Mg -

Åleine heime

Ein dag føre jol skulle far og mor reisa til Haugesund, og eg skulle vera heime åleine.

Eg skulle gje hesten, kyrne og sauene. Først måtte eg gje hønsa, dei fekk mjøl og kokte poteter, og så fekk dei vatn. Så var det spennande å sjå kor mange egg eg fann. Eg såg i alle verpekassar og plukka oppi eit fat. Då eg skulle telja dei, var der 35 egg, og det tykte eg var mykje. Så skulle eg til å stella i fjøset, der var eg mindre van. Det første eg gjorde var å finna høy til hesten, for han står og bankar med eine framfoten til han får maten sin. Så har me ein stor okse, han held også ein fæl sjau, så eg var mest redd å gå inn i fjøset. Eg gjekk og fann han eit fang høy og då blei han roleg. Eg gjorde så reint i fjøset og pumpa vatn, for me har pumpa i

fjøset som me får vatn frå. Eg slapp å gje dei vatn, for dei har alle drikke-kar. Men eg var endå ikkje ferdig. Då gjekk eg igong og gav dei andre levande mat, og så var eg ferdig for den gongen.

Men no var eg og vorten svolten. Eg gjekk heim og steikte meg pølser, og då kan du tru det smakte. Då det leid mot kvelden, kom far og mor heim frå byen. Eg gjekk og tok imot dei, for eg skulle få beksaumstøvlar og skeiser, for eg hadde vori så flink og stelt heime.

Karakter: Mg

Ein dag med far til byen

Det var ein dag i haust eg kom heim frå skulen at far sa at neste dag skulle eg vera med til byen. Ja, du kan tru eg blei glad. Eg gjekk tidleg til sengs for at eg ikkje skulle forsova meg.

Neste morgon vakna eg tidleg og veret var fint. Me gjorde oss ferdige og tok ut. Då me kom bort i vegen, såg me båten koma som me skulle reisa med. Turen over fjorden var fin, og det var mykje folk ombord. Då me kom til Eltravåg, stod bilen og venta på oss. Eg sprang så fort eg kunne for å få ein god plass, for eg ville sjå ut. Så tok bilen til å gå, og eg fekk mykje å sjå på. Det gjekk så altfor snart, før eg visste av det var me i Haugesund. Me hadde mange ærend å gå, men først måtte eg til tannlækjar. Der blei eg i fleire timar, så eg var glad då eg kom ut derifrå. Då tok me bussen til Haraldsstøtta og såg oss om der. Det var så mykje eg skulle sett på, men tida blei så altfor kort. Me skulle gjera nokre ærend, og snart var det tid å ta på heimveg igjen.

Karakter: Godt

Georg Lønning

07.07.1922 – 24.12.1947

Livet før og ved D/S «Skoghaug»'s forlis

Av Hilde Christin Lønning

Georg Lønning vart fødd på Lønning, Bømlo den 07.07.1922. Foreldra hans var Peder og Johanna Lønning. Georg var deira eldste son. I ettertid fekk han fem sysken.

Den 04.05.1929 byrja Georg på skulen. Georg var ein lettlivat gut, og han gjorde mange spillopper. Ein dag på skulen fylte Georg munnen med blekk frå eit blekkhus. Lærar Josh. Tvedt gjekk omkring med linjal sin bak ryggen, han hørde at noko var



Foreldra til Georg, Peder og Johanna Lønning

på gong, og han såg at Georg var raud i and-
letet. Han slo hardt i pulten til Georg med
linjalen sin. Georg kvakk så han spruta



Skulebilete.

Fremste rekkje frå venstre: Astrid Tveit, Sofie Lønning, Solveig Hovland, Alis Kallevåg, Nora Kallevåg, Kristine Langaker, Ruth Hovland

Midtre rekkje frå venstre: Bertha Hovland, Johanna Ulversøy, Henry Henriksen, Ingeborg Øye Lodden (lærarinne), Ågot Hovland, Arne Vespestad, Georg Lønning, Bakre rekkje frå venstre: Nils Olson, Helmer Barane, Georg Holme, Edvin Hovland, John Strand, Arnfin Lodden, Gunvald Hovland.

blekket over lærar Tvedt, slik at læraren vart heilt dekkja av blekk.

Trass i slike spillopper var Georg ein skuleflink gut, med ei fin handskrift, og han kom ut av skulen med gode karakterar.

Etter skuletida, reiste Georg på fiske. Han reiste ei stund med båten «Pretoria». Denne båten var eigd av Birger Matsen frå Espevær. «Pretoria» hadde 40 HK Rubb motor, og gjekk mellom anna på brislingfiske. Truleg var Georg også med båtane frå Bømmelhamn på fiske.

Under krigen, snakka ungdomane på Bømlo mykje om å rømme til England. Dei var redde for at tyskerane skulle ta dei med i krigen mot dei allierte styrkane. Hans Tvedt samla trådane til slutt, og dei tok proviant ifrå forretninga hans. Båten dei nytta var M/K «Norseman», innkjøpt til Bømlo i 1936 av partsrederiet Torvald, Laurits, Sigvald og Kristian Eide. Ved takstforretning 14.10.1936 foretatt av Bømlo fiskerinemnd, blei taksten på båt og motor sett til 16.000,- kr. Den 08.10.1941, under den tyske okkupasjonen gjekk M/K «Norsemann» til Shetland. 16 mann og ei kvinne fylgde båten over:

Sigvald Eide, fødd 1915
Olav Olson, fødd 1920
Kristian Eide, fødd 1918
Hans Tvedt, fødd 1919
Nils A Eide, fødd 1917
Martha Tvedt, fødd 1918
Mathias Henriksen, fødd 1923
Birger Vespestad, fødd 1918
Bernhard Hovland, fødd 1918
Hans Vespestad, fødd 1923
John Lodden, fødd 1916
Johan Vespestad, fødd 1916
Georg Lønning, fødd 1922
Anders Vestvik, fødd 1915
Hans Nilssen, fødd 1923
Adolf Vespestad, fødd 1918.
Markus Olson, fødd 1924



M/K «Norsemann»

«Norseman» vart segla frå Kåså til Eidesvågen for å klargjera for overfarten. Dei starta overfarten rundt midnatt 08.10.1941. Sigvald Eide var skipper på turen over. Turen gjekk fint, men det var noko slingring, og ein av karane som låg i lugaren akterut, vart så sjøsjuk at dei kunne ta han på «kvitauga» utan at han reagerte. Dei var svært heldige med vèret, for både før og etter overfarten var det mykje dårlegare vèr. Dei såg land natt til 10. oktober. Om morgonen kom det ein «drivar» og loste dei inn i Lerwik på Shetland. Her vart dei godt mottekne. I begynnelsen var det ingen ombord på «Norsemann» som kunne engelsk, men dei gjorde seg forstått med tegnspråk og gestikulering, før dei etter kvart lærte seg meir og meir av det engelske språket.

Dei var nokre dagar på Shetland før dei blei transporterte i rutebåt til Aberdeen. Då dei vare komne til Aberdeen, vart dei frakta til London i gamle kuvogner med jernbanen. I London vart dei verande i eit gammalt fengsel, der dei vart forhøyrd mest kvar dag. Det nytta ikkje å lyga, for dei visste det meste frå før likevel. Det var opp til tre fire køyer oppå kvarandre i kvart rom i fengselet, og det var langt å gå til matsalen.

Seinare vart dei innrullerte i Hæren (Scotland), Kompani 2. Med kursing og


trening. Georg var som vanleg full av spillopper, og ein gong sjansen baud seg, var han på vakt. Han ville gjera eit peik mot tre servitriser som arbeidde i kantina. Det var ikkje lov å gå over grøntarealet, men jentene bruka å gå ein snarveg. I det dei kryssa pleinen, fyrde Georg av eit lauskrudd skot med geværet sitt. Ei av jentene vart så redd at ho «tissa» på seg.

Å springa i haugane var ikkje det Georg og Kristian Eide hadde tenkt seg. Dermed søkte dei seg over til marinen. Dei kom først på depotskipet «Draug». Det gjekk ein historie om denne båten. «Den einaste gongen «Draug» kom i strid i England, så skaut dei på ein av sine egne.» Georg var ombord her frå 16.07.1942 til 06.02.1943.

Etter dette mønstra Georg på «Heimdal». Denne båten var brukt som kongeskip, men for det meste satt inn i fiskerioppsynstjenesta i Nord Norge. Ved krigsutbruddet kom dei seg over til Storbritannia. Det blei brukt som depotskip i Rosyth, der det norske mannskapet var losjert medan dei venta på nye oppdrag. Her var Georg frå 06.02.1943 til 13.02.1943.

Etter dette mønstra Georg på «Rose», og her var han ombord frå 15.02.1943 til 08.11.1943.

Frå riksarkivet har me fått vita at Georg var på millitært sjukehus i Barton, under



D/S «Heimdal»

marinens depot Liverpool frå 09.11.43 til 24.11.43, og frå 07.02.44 til 21.03.44. Frå 21.03.44 til 22.04.44 ved marinens depot i Liverpool, sannsynlegvis permisjons opphand og / eller rekonvalesens. Det har ikkje lukkast oss å finna ut kva som gjorde at Georg var på sjukehus, men det kan tenkjast at det harde livet i konvoytenesta krevde at ein hadde bruk for å kome seg att.

I frå 27.11.43 til 04.01.46 var Georg ombord på «Acanthus». Han vart dimmitert ved Marinekommando Vestlandet, Bergen 17.01.1946.

Dei heime hadde ikkje fått vita noko om planane til Georg og dei andre ungdomane som reiste over med «Norseman». Ei tid etter at dei hadde reist, kom det to personar heim i huset til far til Georg. Det var ein norsk og ein tysk nazist. Dei forhøyrd Peder, men han sa som sant var, at han visste ingenting. Dei truga med å ta Peder med seg, men dei måtte gje seg då dei såg at dei ikkje kom nokon veg. Dei hadde ein trugande oppførsel, og ungane i huset var svært redde. Den norske nazisten var den som hadde mest trugande oppførsel.

Familien hørte ikkje noko frå Georg den tida han var i krigen, dette p.g.a. faren for represalier mot familien heime. Men dei mottok i posten to hermetikkboksar med makrell ei julehelg. Det var ikkje noko brev eller melding saman med boksane. Ungane heime «las hemmelege meldingar» i ripene på boksane. Etter krigen påsto Georg at han ikkje hadde hatt hånd om boksane.

«Acantus» kom til Bergen 15. mai 1945. Då var også onkelen til Georg, Kristoffer Lønning i Bergen. Han vart svært overraska då Georg kom og klappa han på skuldera.

Rundt 17. mai det året krigen var slutt var Georg i Bergen med andre ungdomar frå Langevåg. Det har blitt kommentert at han virka så mykje rolegare enn han pleidde å

vera, krigen hadde sett sine spor..

Etter krigen gjekk Georg på styrmannsskulen i Haugesund. Det var tre personar i klassen som var frå «landet» og dei budde i same hybelhus, kor dei betalte kr 14 i månaden. Hybelhuset låg nær den gamle busshaldeplassen, nord for det gamle posthuset. Det var ein fiskehandlar i underetasjen. Frukost åt dei på kafè nær Festivitetten.

Medan han budde i Haugesund, var han ofte nede på kaien og såg etter Bømla-båtar.

Han avslutta skulen med eksamen den 07.07.1947, med karakteren Meget Godt.

Det som er ganske spesielt er at når Georg var på skule skreiv han stil om at han var ombord på ein båt som gjekk på ei mine. Etter at han var ferdig på skulen skjedde nettopp det...

Då Georg var ferdig med styrmannsskulen, var han med ein tur på båten «Havbris» saman med Torvald Eide. Havbris var eigd av Kristoffer, Erling og Ånen Lønning. Det var ein kutter med 40 Hk Rubb motor. Dei dreiv som ein av dei første med tråling etter sild på Fladenbanken.

Georg mønstra ombord på D/S «Skoghaug» den 10.09.1947 «Skoghaug» var i Rotterdam for å lasta kol som skulle til Oslo. Juleaftan 1947, kl 14.00, forlot «Skoghaug» Rotterdam, og dei passerte «Hook Van Holland» kl 16.14. Der forlot losen skipet. Klokka 17.30 passerte «Skoghaug» kloss ved M/T «Kongsstein», dei helste med fløytene, og kapteinen på «Kongsstein» rapporterte at bommene på «Skoghaug» låg nede, og dei såg ut til å vera sjøklare. Det blåste kuling med høg sjø og svære regnbyger då dei gjekk ut. Kolet var dårleg, og fyrbøterane måtte jobba ekstra hardt for å halda steamen oppe. Skipet gjorde ikkje meir enn omlag 7-8 knops fart. Med normal fart burde det ikkje ta meir enn godt og vel eit døgn frå Rotterdam til Oslo.



Georg Lønning

Julekvelden blei feira med noko ekstra god mat, svinesteik. Fyrbøterane fekk ei flaske akevitt på deling.

Omlag klokka 22.30 kom det ein voldsom eksplosjon, alle untatt fyrbøtar Alfred Nilsen kom seg opp på dekk. Den 20 årige studenten Anton Gerhard Meidell låg i salongen, han brakk ryggen under eksplosjonen, og kunne ikkje gå. Alle gjekk straks til babord livbåt som hadde motor. Denne fekk dei ikkje sett på vatnet, fordi bommen på aktermasta var laus, og slingra voldsomt fram og tilbake. Deretter gjekk alle over til styrbords livbåt, fekk låra den, men det var vanskeleg fordi tauet frå davitene hadde floka seg. Livbåten blei slått fleire gonger mot skutensida. Først måtte dei kutta det eine tauet, slik at båten hang loddrett. Medan menneska ombord klamra seg fast, vart det

andre tauet kutta. Alle kom seg etter kvart ombord i livbåten. Det var svært trangt om plassen ombord. I frå livbåten kunne dei sjå at «Skoghaug» sank, mina hadde truffe midtskips, like under maskinen. Dette gjorde at «Skoghaug» sank vannrett, omlag 25 minuttar etter eksplosjonen. Det siste dei såg var skipskatten, som hadde klatra øverst opp i den eine masta.

Då dei var omlag 100 meter frå «Skoghaug», vart livbåten kasta rundt av ein brottsjø, og alle havna i den iskalde sjøen. Mannskapet klamra seg fast til den kantra båten, men den eine etter den andre måtte gje tapt, og forsvann i bølgene. Etter ei tid vart livbåten snudd på rett kjøl igjen, av ei ny bølge, dei var då sju personar som kom seg ombord, deriblant var Georg. Etter ei kort tid vart fire stykke skylt ut av båten, då dei ikkje lengre hadde krefter til å halda seg fast. No var det berre tre igjen, styrmann Thorleif Johnstad, Tore Hafte Staalesen og Arnt Røkke. Livbåten tok stadig inn vatn, og dei sat til slutt med vatn opp til livet. Etter kvart dabba liva til Johnstad og Staalesen ut, og det var berre Røkke som var overlevande igjen. Livbåten dreiv fram og tilbake langs kysten før den blei ført av straum og vind inn til Camperduin, og stod i brenningane inne ved land. Folk frå staden hadde danna ei lenkje på 11 mann, og den ytterste mannen greidde å få tak i Røkke i det han lot seg falle ut av livbåten. Arnt Røkke vart innkvartert hos ein familie i Nederland før han blei sendt til sjukehus. Han var blå i frå livet og ned, og ingen trudde han ville stå det over. Han kom seg, blei sendt heim til Trondheim, og fortsatte seinare med sjølivet.

Det var mykje snakk om at forliset kunne ha skjedd i forbindelse med sabotasje, men det vart i etterkant slått fast at det var ei mine som hadde råka «Skoghaug».

Dei omkomne var:


Kaptein Karsten Tendenes, Hundvåg, Stavanger
Styrmann Thorleif Johnstad, Haugesund
Andre styrmann Georg Lønning, Bømlo
Matros Erling Holstad, Utbjoa
Matros Nils Bernhard Sørenes, Bremnes, Bømlo
Matros Nils Kornelius Randulfsen, Karmland
Lettmatros Tor Hafte Staalesen, Haugesund
Lettmatros Harald Heggnes, Fjaler
Jungmann Malvin Knutsen, Haugesund
Dekkgutt Leif Tjøsvold, Åkrehamn
Maskinsjef Hjalmar Ludolf Charles Knutsen, Haugesund
2. Maskinist Olav Sundfør, Haugesund
3. Maskinist Konrad Magne Pedersen, Haugesund
Donkeymann John Aanensen, Haugesund
Fyrbøter Peder Elias Follesø, Haugesund
Fyrbøter Arne Sørvåg, Haugesund
Fyrbøter Olaf August Torsteinsen, Haugesund
Fyrbøter Alfred Kristoffer Nilsen, Haugesund
Fyrbøter Johannes Arnesen Skuggedal, Masfjorden
Stuert Hans Jacob Saga, Stavanger
Kokk, Anders Martin Olai Økland, Austevoll
Messegutt Thorleif Berg, Trondheim
Hjelpegutt Arthur Julian Stenersen, Melangen
Radiotelegrafist Ernst Oskal Larsen, Kopervik
Passasjer Anton Meidell (student)
Passasjer Signe Knutsen (maskinsjefens kone)

Dei som blei funnen døde er Ernst Larsen, Konrad Pedersen, Signe Knutsen, Arthur Pedersen, Nils Sørenes, Nils Randulfsen, Tore Hafte Staalesen, Malvin Knutsen, Hans Jacob Saga og Anders Økland.

Resten av mannskapet på «Skoghaug» fekk ei våt grav.

Då Georg omkom, kom onkelen hans, Steinar, med beskjeden tredje juledag. Han hadde høyrte det på radio kvelden før. Han var tre gonger borte hjå familien til Georg før han klarde å seia det. Prest Søreide kom

med samme beskjeden seinare på dagen. Far til Georg, havna til «sengs» på grunn av dette, han låg i 14 dagar. Han kom seg etter kvart, og var ofte i Haugesund på kontoret til Lindøs rederi som eigde «Skoghaug». Han oppgav spesielle kjenneteikn ved Georg som f. eks at han hadde eit fødselsmerke under låret. På rederikontoret fekk Peder høyra at under forliset hjalp Georg passasjer Meidell å komma opp i livbåten då livbåten velta, og at han var på veg til å hjelpa andre, men under dette forsøket drukna han. Dette kom ikkje fram i sjøforklaringa, og det står ikkje i overlevande Arnt Røkke si forklaring. Sett i det lys at Georg var ein god symjar frå ungdommen av, så kan dette vera sannsynleg. Peder håpa i det lengste at Georg ville bli funnen. Sorga ville kanskje vore lettare å bera om dei hadde hatt ei grav å gå til, men det fekk han aldri..



Teikning «Skoghaug»

GUNNHILD OG LARS VIKA

ERINDRINGER MED KOFFERT OG SYKKEL,

DEL 2.
03. 01. 2002.
Av Odd Engen.

Det er nå gått ett år siden det første intervjuet med Gunnhild og Lars, i huset ved foten av Kyrkjefjellet. Gunnhild har fylt 80 år siden sist og er fortsatt like aktiv på kjøkkenet. Lars har også denne sommeren vært min faste «støttekontakt» når det gjelder å fikse skakk-kjørte påhengsmotorer. Det har blitt noen motorvisitter hos han, etter hvert som tyske fisketurister på Kallevåg har tatt seg ut. Alltid er de to like imøtekommende og kjekke å snakke med og hjelpsomheten deres er misunnelsesverdig.



Lars sine erindringer fra barne- og ungdomsperioden.

Barndommen ja. Da vi ble så store at det var mulig, så var det hovedsakelig om å gjøre å komme seg ut i båten. Likt og ulikt, så var det i båten, som Lars formulerer det.

Vi hadde en gammel færingsbåt men den fikk vi ikke alltid lov til å bruke. Da måtte noen av oss stjele båten, for ut på sjøen skulle vi, til alle tider. De var ikke bestandig


så blide på oss, de der hjemme.

Når vi rodde ut, var vi som regel 3 stykker. Det var bror min som var 2 år eldre enn meg, en i fra Myrane, Kristian, han var 3 år eldre, og så meg. Vi dro i hovedsak ut på fiske og for å lete etter rek. Rek-leting hadde vi naturligvis ikke lov til i dårlig vær, men det var jo i ruskevær at spennende ting ble skyllet på land på holmer og skjær.

Det var svært dårlig landingsplass der vi hadde båten. Sjøen ville nesten alltid «ta båten» med det samme en heiv han på sjøen, hvis det var litt drag. Da satte de to guttene meg oppi båten og heiv den utpå. Vel utpå, måtte jeg ro båten inn til en plass som det var stilt og ta de to andre med. Så overtok de årene. Det var ikke akkurat lettvent og farefritt nei, det er sikkert.

Vi rodde ofte ut i øyene for å se om det var noe rekmaterialer å finne, eller vi lekte oss der ute. Når færingen ble rigget til med seil, gikk det unna. Ute i øyene, ute av syne, var racerbanen vår. Det gikk forrykende med god vind i seilet. Holmer og skjær var rundingsbøyer. Når båten etter hvert ble halvfull med vann, måtte vi motstridende slakke på seilet og øse. Så var det til å stramme seilet, og vi satte oss på lo side av båten og lot det stå til igjen. Dumdristig, men moro.

11 år gammel var jeg blitt, og fast «mannskap» da iveren vår utartet seg, en dag vi var ute og rodde. På vestsiden av Gissøynå, høyt oppe i en klove, fant vi ei hel tønne med kjøtt. «Islandsk fårekjøtt, klasse 1», sto det på tønna. Denne tønna skulle vi 3 karene få med oss, det var ikke til å stusse på. 3 barbeinte fotepar kravlet ivrig opp til tønna og vi fikk trillet den ned-



Heldigvis ramlet tønna om bord og færingen ble bare halvfylt med sjø. Fangsten var berget.

over berget ned mot båten, som var blitt lagt borttil en bergnabbe. Her tippet vi tønna om bord. Den traff selvfølgelig akkurat esingen på båten og dermed kantret båten likeså godt. Heldigvis ramlet tønna om bord og færingen ble bare halvfylt med sjø. Fangsten var berget.

Vi rodde av gårde med lite fribord, gjennom en sterk strøm, slik at vi kom oss ut på vestsiden av Gissøynå. I vår toskeskap måtte vi selvfølgelig hente noe rekved og greiner, som vi hadde samlet her tidligere på dagen. Dette ble stablet opp framme i den vesle færingen, kjøtt-tønna var plassert midt i båten. De to andre guttene satte seg og rodde med hver si åre, etter at de hadde plassert meg oppå rekhaugen i stevnen. Båten var halvfull med sjø. Det var dårlig vær, ja ikke noe storveis ruskevær, men litt sønnavind. Vi rodde opp Gissøysundet. Da

vi rundet Vikaneset på vei hjem og kunne se innover Vikafjorden, kom det ei kolosal nordvestbyge. Guttene rodde som besatte for å holde færingen i le av neset. Hadde bygen truffet oss litt lengre ute, hadde vi garantert gått til bunns. Vi hadde ikke tenkt på at vi skulle øse underveis. Om vi hadde kommet på tanken, så hadde det ikke vært så enkelt å fått det til, med alle greinene og materialene som lå om bord i kryss og kra-ke. Fårekjøttet lå i ei 100 kg bøketønne, vi hadde både tung og ustabil last om bord. Det var om å gjøre å komme seg snarest mulig hjem med kjøttet, noe stort annet tenkte vi ikke på. At båten var tungrodd, heftet oss ikke med en tanke. Da vi nærmet oss landingsplassen hjemme, sto mor og foreldrene til Kristian og tok imot oss. Hadde vi ikke fått bank før, så skulle vi til pers nå og det skulle bli til gangs. Ute i nedlesset båt i dette været, var vi riktig vel bevarte? Men da de oppdaget at vi kom hjem med ei hel tønne kjøtt, var alt glemmt. Så ble det ikke noe straff å få denne gangen heller, heldigvis.

Kjøttet var alle tiders, god kvalitet og vi hadde mange gode middager framover. Det ble så dårlig vær den dagen at vi fikk ikke båten opp i naustet hvor vi pleide å ha den. Vi måtte dra den opp i ei vik hvor det var noe roligere. Der tok vi ut tønna, slo den opp og bar hjem kjøttet. Dette skjedde i oktober måned.

Det var 3 familier på Vestre Vika i de tider. Vesterheim hadde 5 unger, på Myrane var de 3 og vi var 2 unger. Annenhver dag gikk vi på skolen i skolehuset på Tjong. Det sto opp fra sjøen i utmarken og var bygd i 1885. Husa, Holme, Vika, Tjong, Berge og Hjartnesvågen soknet til dette skolehuset. Tjong lå cirka i midten av kretsen og derfor ble nok skolen bygd der.

Bror min og jeg, måtte stadig ut i båten og sørge for matfisk til familien. Mor ble

tidlig enke og fikk hjelp av morfar. Han stelte helst med det jordiske på gården. Med slått, poteter, korn og slikt. Vi hadde rikelig med poteter og litt korn. Høy til dyra var det også nok av.

En furie av en treskemaskin hadde vi, den var nesten farlig å komme i nærheten av. Trommelen var stor som ei tønne, med stål-pigger som slo kornet av halmen. Det gjennomgående håndtaket ble sveivet av 2 voksne menn. Til sveivstanga, hørte det med tannhjul med store utvekslinger. Likevel måtte det voksne karer til for å betjene utysket. I skuronna samles alle på garden seg rundt monsteret og tresket. Ungene var oppe på en skukk og tok imot halmen. Dette var en årlig begivenhet som vi ungene så fram til.

Det rant en bekk over jorda vår, og i enden av den sto kvernhuset. Der mol vi kornet om høsten. Da kom de fra Husa, Holme, Tjong og Berge og skulle male kornet sitt, det var skjære underholdningen. Masse folk å prate med og en kjekk årlig begivenhet. På eldhuset vårt hadde vi et tilbygg som var tørkerom, for kornet måtte tørkes veldig godt. Der hadde vi en murt ovn med svær stålplate oppå, som de la kornet utover og så fyrte de innunder. Røyken gikk opp i ei felles pipe i eldhuset, det var flere ildsteder. Så kunne en gå på mølla med kornet og få det malt. Det var kjekt for oss ungene å være med når de voksne malte kornet. Da var vi borttil og forsynte oss med litt havremel. Nam, nam. Av og til fikk vi det i halsen og ville kveles.

Det er for galt at kvernhuset ble revet, det skulle vært tatt vare på og restaurert. Det hadde «kadl» nede og «slåk» oppe. Kvernsteinene var ca. 1 m i diameter. Alt er nå vekke.

Den 1. mai startet badesesongen i bekken på Vestre Vika, da var det takk og farvel til treskoene. Barfotsesongen hadde begynt og

tilværelsen ble lettere på så mange måter. Om høsten fisket vi ørret i den samme bekken, med stang, snøre og angel med makk. Fiskesneller fantes ikke i vår verden. Den største ørreten som jeg kan huske ble dradd på land her, etter mye list og lempe, veide 1,5 kg. For en rugg.

